

Flott dyrkningsprosjekt på Øvre Feet.

14.05.2014



Nydyrkingsfeltet til Kjærland Samdrift.

**Dei tre brørne i Kjærland Samdrift er både driftige, framtidsretta og dugande. Dei tre er Kjell Arne, Trond Johannes og Geir Inge Myklebust. Denne våren har dei mellom anna utvida arealet med dyrka mark gjennom nydyrking på Øvre Feet.**

Foreldra deira, Kåre Johan og Anne Marie Myklebust, var og drivande bønder! Først overtok dei farsgarden til Kåre Johan og garden etter ein onkel av han, Torger K. Kjærland, der dei no bur. Rundt år 2000 kjøpte dei garden etter Gudmund Feet på Øvre Feet. Kåre Johan og Anne Marie har no overlete drifta av livsverket sitt til dei tre sønene som no driv gardane gjennom Kjærland Samdrift. Både Kåre og Anne Marie er nok framleis gode bidragsytarar i det daglege arbeidet.



Det er og planar om å dyrke feltet til venstre for arealet som no er ferdig.

Arealet som nett er dyrka ligg no vakkert som nysådd åker, men jammen må det ha vore litt av ein jobb. Tidlegare var det nemleg svært mykje stein der etter skreder som har gått gjennom tidene. Steinen har dei forflytta opp under berget. Der vert det veg og lagringsplass for m.a. siloballar og ved. Alt arbeidet har dei utført sjølv med eigne maskinar.

Dei driftige ungdommane har planar om vidare dyrking. Dei er klar til å gå i gang med arealet på andre sida av bekken. Der er det i alle fall ikkje mindre stein, men dei dugande bøndene klarer heilt sikkert å forvandla det til flott dyrka mark.

Dei tre brørne har alle jobb i tillegg til gardsdrifta. På garden driv dei mjølkeproduksjon, kjøttproduksjon og med sau. Det steller ikkje berre dei tre gardane dei eig sjølv. Nei, dei paktar jord 5-6 plasser i tillegg. Driftige karar!



All steinen er blitt fundament for veg og lagringsplass.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.